



Huseigarar i Hornindal kommune

Vår ref:

17/321-3/ FA-L32 ABMU

Dykkar ref.

Dato:

Melding om tildeling av vegadresse

I samsvar med vedtak i Kommunestyret 10.04.2014, k-sak 026/14, vert det no innført offisielle vegadresser for heile Hornindal kommune. Dette for å gjere det lettare for utrykkingsetatar, leverandørar, ukjende og andre som treng å finne fram. Dei fleste nye vegnamna vart vedtekne i Kommunestyret 18.06.2015, k-sak 037/15, og kan ikkje påklagast.

Dykkar eigedom med **gnr/bnr/fnr/snr** _____ og **bygningssnr.** _____ er tildelt følgjande offisielle vegadresse:

_____ (inkl.evt. leilegheitsnr. eller adressetilleggsnamn)

Nummertildelinga er eit enkeltvedtak som kan klagast på etter reglane i Forvaltningslova. **Ei eventuell klage må sendast skriftleg innan _____ til Hornindal kommune.** Etter denne tid vil vegadressa verte registrert i Matrikkelen og tekje i bruk i offisielle register.

Tildelinga av husnummer er for det meste utført etter avstandsprinsippet med avstand frå startpunkt i heile 10-meter, med partal på venstre side og oddetal på høgre side. Vegadressa angjev godkjent avkøyring til eigedomen. I nokre høve må ein nytte praktisk skjønn for å få nummer til alle hus. Bustadnummer (td. H0101) er ein del av den offisielle adressa ved fleirbustadbygg. Adressetilleggsnamn var tidlegare berre tillate for gardsbruk, men det er no opna for at fleire kan få eit adressetilleggsnamn. Slike adressetilleggsnamn vert evt. godkjent etter søknad.

Den tildelte vegadressa vert også postadressa dykkar, om de ikkje har postboks eller anna adresse avtalt med Posten. Huseigar pliktar å informere leigetakar om ny adresse. Det er ingen endringar i postnummer eller poststad, 6761(postboks)/6763 Hornindal. Posten og Folkeregisteret vert automatisk informert om den nye adressa. **Alle må melde adresseendring til alle andre forbindelsar.** Ein kan då nytte tenesta «Endret adresse uten å ha flyttet?» frå Posten: www.posten.no/adresstjenester/endret-adresse

Næringsdrivande/lag/foreiningar må også melde adresseendring til Brønnøysundregistra. Ein kan nytte elektronisk levering av samordna registermelding frå heimesida deira: www.brreg.no/produkter-og-tjenester/skiemakatalog

I følgje Matrikkelforskrifta §57, er huseigar ansvarleg for å setje opp husnummerskilt. I samråd med politikarane i Hornindal, vert det gjort ei samla bestilling for heile Hornindal kommune for å få einsarta skilting. Det vert difor sendt rekning på skiltkostnaden til

Adresse

Postboks 24, 6761 Hornindal

Telefon

57 87 98 00

Org.nr

835 095 762

E-post

post@hornindal.kommune.no

Internett

www.hornindal.kommune.no

huseigar, rundt kr. 150,-. Husnummerskilta vert utlevert når vi får dei utpå hausten. Dei må setjast opp i lesbar høgde på vegg som er synleg frå vegen.

Sidan vi ikkje har oppdatert informasjon om alle nærings-, bustad- og fritidsbygg i Hornindal kommune, vert alle aktuelle bygg adressert. Om de meiner vi har adressert bygg som ikkje er adresseverdige, må de sende oss skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon. Bygget vert vurdert og opplysningane vert eventuelt retta opp i Matrikkelen.

Det kan også hende de har bygg eller leilegheiter som ikkje har vorte adressert. I så tilfelle, må de gjere vel å melde dette skriftleg tilbake til oss. Då vil vi rette opp eventuelle feil i Matrikkelen, og tildele adresse til dei som manglar.

Om du ynskjer å sjekke opplysningar på eigedomen din, kan du nytte denne tenesten frå Kartverket: www.seeiendom.no

Skulle det vere noko de lurar på, må de berre ta kontakt!

Helsing

Anita Brenna Muldsvor
Avd .ingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur